

# Innkalling til programstyremøte for italiensk

**Tidspunkt:** 23. november 2023 kl. 12.15 -14.00

**Sted:** HF-bygget, rom 309 eller via Zoom for de som ikke kan delta fysisk:

(<https://uib.zoom.us/j/65586154704?pwd=QXV1WEhOamNsKzNFVVpFa20wZkNsUT09>)

**24/23 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**25/23 Godkjenning av referat fra møtet den 28. september 2023**

**26/23 Orienteringer:**

1. Kartlegging av mål og interesser blant EVU-studenter. Hva kan de være interessert i å studere videre?
2. Studieporteføljeprosjektet: møte mellom familjø og instituttleder den 9. november. Styret vil bli orientert muntlig om hovedpunkter fra møtet.
3. Nye programsider (vedlagt)

**27/23 Diskutere bruk av obligatorisk oppmøte**

Bechir Mestiri vil at styret skal diskutere om det er behov for å innføre obligatoriske oppmøte på et eller flere emner.

**28/23 Omstrukturering av 200-nivå på BAHF-ITAL**

- a) Nedlegging av ITAL250
- b) Oppretting og endring av emner

Styret vedtok på forrige møte en modell for 200-nivået. Nivået skal bestå av fire emner og følgende emnetitler har blitt foreslått av studiekonsulent:

*Fordypning i eldre italiensk litteratur (ITAL205)*

- Nytt emne

*Eldre italiensk litteratur med bacheloroppgave (ITAL252)*

- Emnet ble undervist før HF-2018. Emnebeskrivelsen er hentet frem igjen. ITAL252 har et omfang på 15 stp. Forslag om å legge til frase «med bacheloroppgave» til i tittelen.

*Fordypning i italiensk språk og lingvistikk (ITAL203)*

- Forslag om å endre noe på tittelen ved å legge til frasen «Fordypning i».

*Italiensk språk og lingvistikk med bacheloroppgave (ITAL253)*

- Nytt emne

c) Forslag til innhold i nye emner

Camilla E. Skalle har kommet med et forslag til emnebeskrivelse for ITAL205 (vedlagt).

Camilla E. Skalle har kommet med et forslag til endringer i emnebeskrivelsen for ITAL252 (vedlagt).

Forslag til emnebeskrivelse for ITAL253 vil bli presentert for styret på emnet eller i etterkant per sirkulasjon.

d) Endringer i studieplanen

Ettersom LITTIF200 og ITAL250 utgår må styret se over studieplanen. Er det behov for å endre på læringsutbyttene i studieplanen?

**29/23**

**Studentsaker**

Fast sakspost. Studentrepresentanten løfter frem aktuelle saker for styret.

**30/23**

**Eventuelt**

21.11.2023/RGB

# Italiensk, bachelor

## Introduksjon

Er du interessert i italiensk språk, litteratur og kultur? Hos oss får du praktisert italiensk på eit nivå som stig i takt med studiet. Du blir eit bindeledd mellom italiensk og norsk kultur, og kan ende opp med ein jobb innanfor for eksempel turisme, media, handel og kulturliv.

Ordgrense: maks 50

## Kva lærer du?

Med ein fullført bachelorgrad i italiensk, vil du opparbeida deg solid kompetanse i det italienske språket. Med god innsats kan du nå eit språknivå tilsvarende C1 ([if. Det felles europeiske rammeverket for språk, CEFR](#)). Gjennom praktisk bruk av språket, fordjuping i litterære tekstar og språkvitskaplege metodar, vil du få god kunnskap om italiensk språk og kultur- og litteraturhistorie.

**Litteratur:** Vi les eldre og moderne litteratur i tillegg til samtidslitteratur. Du blir kjend med fleire store forfatterskap og sentrale verk i verds litteraturen. Samstundes utviklar du ferdigheter innanfor litterær analyse og metode.

**Språk:** Vi bruker italiensk, både munnleg og skriftleg i ulike samanhengar. I tillegg studerer vi språkutvikling og flerspråklegheit.

**Kultur:** Når vi skal undervise i italiensk språk og litteratur, er det naudsynt å sjå til den europeiske kulturhistoria. Vi tar i bruk ulike kulturprodukt i undervisninga, blant anna italiensk film, gastronomi og kunst.

Ordgrense: maks 150

## Studiekvardag

Dette er eit fulltidsstudium. Når du studerer vil du møte på ulike undervisningsformer: Alt frå førelses- og filmvisninger, seminar- og gruppearbeid, til sjølvstudium. Du får også tilbod om individuell rettleiing. I undervisninga gjer vi ulike typar aktivitetar som spørjelek, presentasjonar, øvingsoppgåver, gruppe- og prosjektarbeid.

For å lære eit nytt språk, er det viktig å setje av godt med tid til å øve på språket utenom undervisninga. Da vil du kjenne på meistring og ha jamn studieprogresjon. Du kan øve saman med medstudentane dine på campus eller heime. Vi kan tilby [dynamisk og studentaktiv undervisning](#) som saman med eiganarbeidet vil gje deg språkkunnskapane du treng.

Som student hos oss vil du ha det meste av undervisinga på Nygårdshøyden, midt i Bergen sentrum. Du har tilgang til lesesalar, bibliotek, kollokvierom, treningscenter, kantine, kafear og student-bar på campus. På UiB finn du også mange ulike studentorganisasjonar. Å vere med i ein studentorganisasjon er ei verdifull investering i studietida di - det gir deg mange erfaringar og venner for livet.

Ordgrense: maks 150

**Kommentert [MR1]:** Litt vanskelig å forstå hva dette innebærer. Kan vi forklare hva det betyr at undervisningen er dynamisk og studentaktiv?

**Kommentert [CS2R1]:** Vi tilbyr undervisning der du som student får være aktiv, og saman med eiganarbeidet vil studiet gje deg språkkunnskapane du treng.

## Kva kan du jobbe som?

Det er fleire offentlege og private einingar som har behov for personar med skriftleg og munnleg ferdigheter i italiensk. I løpet av studiet skal du også velje andre fag i tillegg til dei obligatoriske faga (til dømes samfunnsøkonomi, kunsthistorie, samanliknande politikk etc.). På denne måten kan du kombinere og bygge opp ein unik kompetanse.

Med ein bachelorgard i italiensk kan du jobbe som kontaktpunkt innanfor

- Handel
- Media
- Turisme
- Kultur
- Administrasjon i privat og offentleg sektor

I programmet får du vidareutvikla ferdigheter i kritisk tenking og problemløysing. Du lærer også å systematisere og analysere fagstoff og arbeide med tekst. Dette er generell kompetanse som er etterspurdt i arbeidslivet.

*Ordgrense: maks 100*

## Opptakskrav og søkerfrist

Søkerfristen er 15. april.

## Oppbygging av studiet

Vi tilrår denne rekkefølga for studiet:

### 1. semester:

- Examen philosophicum (10 studiepoeng)
- Språk og kommunikasjon (10 studiepoeng)
- Innføring i Italiensk (10 studiepoeng)

### 2. semester:

- Italiensk språk I (10 studiepoeng)
- Munnleg italiensk med fonetikk (10 studiepoeng)
- Moderne italiensk kortprosa (10 studiepoeng)

### 3. semester:

- Italiensk litteratur (10 studiepoeng)
- Italiensk språk II (10 studiepoeng)
- Samanliknande europeiske kulturstudium (10 studiepoeng)

### 4. semester:

- Italiensk språk og lingvistikk (15 studiepoeng)
- Eldre italiensk litteratur (10 studiepoeng)

- [Litteraturteori \(5 studiepoeng\)](#)

I dette semesteret skal du fordypte deg både i italiensk litteratur og i italiensk språk. Du får skrive ei bachelorseppgåve i anten språk eller litteratur. Samtidig tar du eit fordyopingsemne i den andre disiplinen.

**Formatert:** Punktmerket + Nivå: 1 + Justert ved: 6,3 mm + Innrykk ved: 12,7 mm

**5. semester:**

- Frie emne – vel blant alle [opne emne](#) ved UiB eller utveksling (30 studiepoeng)

**6. semester:**

- Frie emne – vel blant alle [opne emne](#) ved UiB eller utveksling (30 studiepoeng)

## Utveksling

Du kan reise til Italia for å studere og praktisere italiensk. Eit utvekslingsopphold gir deg verdifull kulturell erfaring, språkleg trening, ny fagleg innsikt og opplevingar for livet. UiB har [utvekslingsavtalar med universitet](#) i Bologna, Roma, Urbino og Venezia. Du kan dra på utveksling for å ta frie emne (fag du vel sjølv) i 5. og 6. semester. Det er også mogleg å reise på utveksling tidlegare.

Ordgrense: maks 50

## Vidare studiemoglegheiter

Studentar med fullført bachelorglad i italiensk kan søke opptak til masterprogrammet i italiensk ([lenke](#)). Opptaket skjer anna kvart år (oddetalsår).

Ordgrense: maks 50

## Spørsmål om studiet?

Telefon: 55 58 93 70

E-post: [studieveileder.if@uib.no](mailto:studieveileder.if@uib.no)

## Studieplan

[Legg inn lenke til studieplan](#)

## Metabeskrivelse

Legg til en kort beskrivelse av studiet. Beskrivelsen kan være lik eller tilnærmet lik ingressen. Dette vil vises i Google. Det vil ikke vises på selve studieprogramsiden.

Er du interessert i italiensk språk, litteratur og kultur? Hos oss får du praktisert italiensk på eit nivå som stig i takt med studiet.

*Antall tegn: maks 150*

# Italiensk, master

## Introduksjon

Bli med på ei unik reise gjennom det moderne Italia og utvid dine horisontar med oss. På masterprogrammet ser vi nærmare på moderne litteratur, språk og kultur i ein internasjonal kontekst. Du vil også ta del i grundig litteraturkritikk og i sosiolingvistiske og pragmatiske analyser av film, media og politisk språk.

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 50

## Kva lærer du?

Italia er humanismens vogge og landet har alltid stått sentralt i Europa si politiske, religiøse og kulturelle historie. Med masterprogrammet i italiensk kan du gå grundig til verks i studiet av det italienske språket og italiensk litteratur. Du får blant anna setje deg inn i og kritisk vurdere teoriar, metodar og tolkingar i dei to fagfelta. Det vert det brukt tid og ressursar på å gi deg kunnskap i dei sentrale problemstillingane og metodane innanfor litteratur- og språkvitskap.

Italienskstudiet gir varierte innfallsvinklar, men det er rom for fordjuping i det du synest er mest interessant. Du vel tema for oppgåva i samråd med ein rettleiar. Som i all forsking kan det vere aktuelt for deg å samle inn data til masteroppgåva. Då kan søkje instituttet om noko økonomisk stønad. Dei fleste vel å reise til Italia på feltarbeid.

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 150

## Studiekvardag

I det første studieåret vil du følgje fire emne med eigne førelesingar og seminargrupper. Deretter begynner sjølv arbeidet med masteroppgåva. I den perioden vil fagmiljøet jamleg invitere studentane til fellesseminar. Då kan studentane gi tilbakemeldingar på kvarandre sine prosjekt, samt høve til øving i presentasjon og fagleg diskusjon. Masterstudentane vert også invitert til ulike fagarrangement på høgare nivå (gjesteførlesningar, seminar og konferansar). Som masterstudent kan du om ønskeleg bli medlem av ei forskargruppe.

Som student hos oss vil du ha det meste av undervisinga på Nygårdshøyden som ligg midt i Bergen sentrum. Du har tilgang til lesesalar, bibliotek, kollokvierom, treningscenter, kantine, kafear og studentbar på campus. På UiB finn du også mange ulike studentorganisasjonar. Å vere med i ein studentorganisasjon er ei verdifull investering i studietida di - det gir deg mange erfaringar og venner for livet.

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 150

## Kva kan du jobbe som?

Gode kunnskapar i italiensk er etterspurde. Italia er ein viktig handelspartner for Norge, og det finst difor mange ulike jobbar i knutepunktet mellom to land, særleg innan nærings- og kulturliv.

Tidlegare masterstudentar har funne jobb som

- forskarar

**Kommentert [MK1]:** Bør man skrive dette om uten faguttrykket, så flest mulig forstår det, eller er det noe de fleste potensielle masterstudenter forstår?

**Kommentert [CS2]:** greit å erstatte kommunikasjon med språk?

**Kommentert [MG3R2]:** jo

**Kommentert [RB4]:** Stemmer dette? Hvis det ikke skjer lenger kan vi kanskje utelate?

**Kommentert [CS5R4]:** Jo, alle forskergrupper ønsker seg vel studenter (og ikke bare de vi på faget er med i).

- lærarar
- saksbehandlarar
- i kulturbransjen
- innanfor turisme
- i forretningsdrift og handel
- i forlag
- omsetjing

Med ein mastergrad kan du handtere og strukturere større mengde informasjon. Kombinasjonen av språk og kulturkunnskap er viktige kvalitetar du tek med deg på arbeidsmarknaden.

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 100

### Opptakskrav og søkeradsfrist

Søkeradsfristen er 15. april.

Påkrevd: Ja. Skriv inn søkeradsfrist. Annen info i dette feltet er forhåndsdefinert.

### Studiets oppbygging

#### 1. semester:

- Italiensk språkhistorie og språkleg variasjon (15 studiepoeng)
- Italiensk tekststudium og litteraturteori (15 studiepoeng)

#### 2. semester:

- Italiensk teoriemne (15 studiepoeng)
- Italiensk særemgne (15 studiepoeng)

#### 3. og 4. semester:

- Italiensk masteroppgåve (60 studiepoeng)

Påkrevd: Ja. Legg til antall semester og emner. Lenke til emnetabell hentes inn teknisk.

### Utveksling

Du kan reise på utveksling i ditt andre semester. Då kan du erstatte Italiensk språkhistorie og språkleg variasjon og Italiensk tekststudium og litteraturteori med delstudium i Italia. Eit utvekslingsopphald gir deg verdifull kulturell erfaring, språkleg trening, ny fagleg innsikt og opplevingar for livet.

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 50. Lenke til anbefalte utvekslingsavtaler hentes inn teknisk.

### Vidare studiemoglegheiter

Med ei masterutdanning er det mogleg å gå vidare med ei ph.d.-utdanning som skal føre til ei doktorgrad (ph.d.). Med ei doktorgrad kan ein kvalifisere til stillingar innanfor universitets- og høgskulesektoren. Viss du kombinerer ein mastergrad med [praktisk pedagogisk utdanning \(PPU\)](#) vil du få undervisningskompetanse.

**Kommentert [MK6]:** Disse fagene er fra det første semesteret, hvordan gjør man det om man skal reise på utveksling i andre semesteret da? Tar man andresemester-fagene i det første semesteret?

Påkrevd: Ja. Antall ord: maks 50

## Spørsmål om studiet?

Telefon: 55 58 93 70

E-post: [studieveileder.if@uib.no](mailto:studieveileder.if@uib.no)

Påkrevd: Ja.

## Studieplan

[Legg inn lenke til studieplan](#)

Påkrevd: Ja. Skriv inn lenke til studieplan. Annen info i dette feltet er forhåndsdefinert.

---

## Metabeskrivelse

Bli med på ei unik reise gjennom det moderne Italia og utvid dine horisontar med oss. På masterprogrammet ser vi nærmare på moderne litteratur, språk og kultur i ein internasjonal kontekst.

Antall tegn: maks 150

ITAL252 Eldre italiensk litteratur med bacheloroppgave

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen

Mål og innhald

Emnet ITAL252 har som mål å leggje til rette for ei inngående forståing av eldre italiensk litteratur.

Emnet omfattar studium av sentrale tekstar frå den eldre italiensk litteraturen. Tekstane skal studerast i eit litteraturhistorisk og teoretisk perspektiv.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:

Kunnskap

Dei studentane som har gjennomført emnet,

· kjenner godt dei utvalde pensumverka

· har kunnskap om den kulturhistoriske konteksten til verka

**formaterte:** Skriftfarge: Rød

**formaterte:** Skriftfarge: Rød

**formaterte:** Norsk (nynorsk)

**formaterte:** Skriftfarge: Rød, Norsk (nynorsk)

**formaterte:** Norsk (nynorsk)

· har kunnskap om sentrale litteraturteoretiske omgrep.

#### Dugleik

Dei studentane som har gjennomført emnet,

· kan bruke dei tileigna omgropa i sjølvstendige analysar av pensumtekstar

· kan gjere greie for tekstane tematisk og plassere dei i kulturhistorisk perspektiv

· kan drøfte, skriftleg og munnleg, problemstillingar knytte til pensum

· kan formidle kunnskapar innanfor eige fagområde på munnleg og skriftleg italiensk.

#### Generell kompetanse

Dei studentane som har gjennomført emnet,

· kan planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid

· kan formidle sentralt fagstoff både skriftleg og munnleg

· kan vidareutvikle kunnskapane sine med tanke på vidare studium og yrkesliv

· kan kommunisere på italiensk på eit relativt høgt nivå.

#### Krav til forkunnskapar

Ingen formelle krav, men undervisninga skjer på italiensk.

#### Tilrådde forkunnskapar

100-nivå i italiensk eller tilsvarende.

#### Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for ITAL25<sup>20</sup> redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir kombinert med ITAL25<sup>02</sup>.

**Kommentert [CS1]:** Kan du sjekke at dette blir korrekt, Robert?

**formaterte:** Norsk (nynorsk)

#### Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

#### Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet har form av førelesningar og seminarverksemrd. [Undervisninga fell saman med undervisninga for ITAL205.](#)

Omfaget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing (altså 2 undervisningstimar) og 2 timer oppgåveseminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker.

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.

#### Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Omfaget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing og ein dobbelttime seminar i veka (til saman 4 undervisningstimar) i ein periode på 10 veker.

#### Obligatorisk undervisningsaktivitet

[Semesteroppgåva](#) [Bacheloroppgåva](#), som utgjer ein del av eksamen i ITAL25<sup>20</sup>, er rettleidd, og studentane må [sende inn to utkast til oppgåva underveis i semesteret og](#) delta på to obligatoriske rettleiingsmøte for å ha høve til å levere oppgåva.

I løpet av semesteret skal studenten også halda eit munnleg innlegg på omlag 10-15 minutt knytt til pensum. Innlegget blir vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

Godkjennингa av dei obligatoriske arbeidskrava er berre gyldig i det semesteret det blir gjennomførde og i semesteret etter.

## Vurderingsformer

Eksamens er todelt:

1. Ei rettleidd [bachelorsemester](#)oppgåve på mellom 4000 og 5000 ord skriven på italiensk.  
Oppgåva skal leverast inn innan 15. mai (eller på første verkedag etter denne datoene)
2. Ei munnleg prøve på italiensk der problemkrinsen for samtalen kan hentast frå heile pensumet i emnet. [Den einskilde student kan velje mellom ei tradisjonell munnleg prøve på om lag 20 minutter og ein forberedt plakatpresentasjon med etterfølgjande spørsmål knytt til denne.](#)

Semesteroppgåva tel 50 prosent og den munnlege eksamen tel 50 prosent av den samla karakteren i emnet.

Kandidatar som får karakteren F på [bachelorsemester](#)oppgåva, får ikkje gå opp til munnleg eksamen. Begge eksamensdelane må vera greidde i same semester.

Ved eksamen i påfølgjande semester leverer studenten, som må ha oppfylt krava om rettleiing i undervisningssemesteret, den omarbeidde semesteroppgåva utan vidare rettleiing.

Oppgåva fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som bachelorgraden skal innehalda.

## Hjelpemiddel til eksamen

Ingen

## Karakterskala

Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

## Vurderingssemester

Vår/haust

## Litteraturliste

**Kommentert [CS2]:** Trengs denne spesifiseringen, eller er den bare med på å skape forvirring/ulike forventninger til muntlig eksamen?

**formaterte:** Norsk (nynorsk)

Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

Ein lyt òg skaffe seg grundigare kjennskap til forfattarane som er på pensum. Stoff om dei einskilde forfattarane finst i litteraturhistorier, oppslagsverk og kommentarbøker til pensumverka.

#### Emneevaluering

Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

#### Programansvarleg

Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

#### Emneansvarleg

Programstyret for italiensk

#### Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

#### Institutt

Institutt for framandspråk

ITAL205: Fordjuping i eldre italiensk litteratur

Studiepoeng, omfang

15

Studienivå (studiesyklus)

Bachelor

Undervisningssemester

Vår

Undervisningsstad

Bergen

Mål og innhald

Emnet ITAL205 har som mål å leggje til rette for ei inngående forståing av eldre italiensk litteratur.

Emnet omfattar studium av sentrale tekstar frå den eldre italiensk litteraturen. Tekstane skal studerast i eit litteraturhistorisk og teoretisk perspektiv.

Læringsutbyte

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, dugleik og generell kompetanse:

Kunnskap

Dei studentane som har gjennomført emnet,

· kjenner godt dei utvalde pensumverka

· har kunnskap om den kulturhistoriske konteksten til verka

↳ har kunnskap om sentrale litteraturteoretiske omgrep.

#### Dugleik

Dei studentane som har gjennomført emnet,

↳ kan bruke dei tileigna omgropa i sjølvstendige analysar av pensumtekstar

↳ kan gjere greie for tekstane tematisk og plassere dei i kulturhistorisk perspektiv

↳ kan drøfte, skriftleg og munnleg, problemstillingar knytte til pensum

↳ kan formidle kunnskapar innanfor eige fagområde på munnleg og skriftleg italiensk.

#### Generell kompetanse

Dei studentane som har gjennomført emnet,

↳ kan formidle sentralt fagstoff både skriftleg og munnleg

↳ kan vidareutvikle kunnskapane sine med tanke på vidare studium og yrkesliv

↳ kan kommunisere på italiensk på eit relativt høgt nivå.

#### Krav til forkunnskapar

Ingen formelle krav, men undervisninga skjer på italiensk.

#### Tilrådde forkunnskapar

100-nivå i italiensk eller tilsvarande.

## Studiepoengsreduksjon

På grunn av fagleg overlapp blir studiepoengutteljinga for ITAL205 redusert med 10 studiepoeng dersom emnet blir kombinert med ITAL250.

**Kommentert [CS1]:** Sjekk opp.

## Krav til studierett

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

## Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga i emnet har form av førelesningar og seminarverksemd.

Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing (altså 2 undervisningstimar) og 2 timer oppgåveseminar kvar veke i ein periode på til saman 10 veker. Undervisninga fell saman med undervisninga for ITAL252.

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.

## Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

Omfanget av undervisninga i emnet vil normalt vere ein dobbelttime førelesing og ein dobbelttime seminar i veka (til saman 4 undervisningstimar) i ein periode på 10 veker.

## Obligatorisk undervisningsaktivitet

Emnet har to obligatoriske oppgåver: ein skriftleg tekstkommentar på om lag 500-600 ord og ein munnleg presentasjon knytt til pensum i emnet. Studentane utarbeider presentasjonen i samråd med faglærar.

Begge oppgåvene må utførast innan fristen for aktivitetane. Fristen vert formidla i byrjinga av semesteret.

Oppgåvene må vere godkjend før ein kan gå opp til endeleg vurdering i emnet.

Godkjennингa av dei obligatoriske arbeidskrava er berre gyldig i det semesteret det blir gjennomførde og i semesteret etter.

## Vurderingsformer

Eksamens er ein 6 timars skriftleg skuleeksamen.

**Kommentert [CS2]:** Mer offensiv og nyskapende vurderingsform?

**Kommentert [CS3R2]:** + bør kanskje ikke være det samme som i ITAL203.

Hjelpemiddel til eksamen

Italiensk-italiensk ordbok.

#### Karakterskala

Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

#### Vurderingssemester

Vår/haust

#### Litteraturliste

Litteraturlista opplyser om dei tekstar som til ei kvar tid gjeld for emnet. Litteraturlista vil vere klar innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

Ein lyt òg skaffe seg grundigare kjennskap til forfattarane som er på pensum. Stoff om dei einskilde forfattarane finst i litteraturhistorier, oppslagsverk og kommentarbøker til pensumverka.

#### Emneevaluering

Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

#### Programansvarleg

Programstyret har ansvaret for fagleg innhald og oppbygging av studiet, og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

#### Emneansvarleg

Programstyret for italiensk

#### Administrativt ansvarleg

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Institutt

Institutt for framandspråk